



Dei fortener terningkast 6 i Herøysund etter ein strålende cupdag for dei yngste i dag.



Uskedalen var solid representert, faktisk med 5 lag.
Det var lag frå første, andre og tredjeklassen og 2 lag frå barnehagen.

Alt gjekk på skinner i flott ver og mellom slaga koste ungene seg med is, brus og pølsar medan dei vaksne fekk kaffe og lappar.

Mange friske og jamne kampar vart avvikla. Og det var berre blide vaksne og ungar å sjå.

Bileta er av 1. klasse og 3. klasse frå Uskedalen.

Førsteklassingane vann alle kampane sine.

(Tekst og foto: Tor Edward og Kjell Erik Taranger)